

2021

## AKTIVITETSRAPPORT



# Osterøy Utvikling AS NÆRINGSVIKLING

Rådhusplassen  
N-5282 Lonevåg  
Norge

+47 56 19 21 00  
[post@osteroyutvikling.no](mailto:post@osteroyutvikling.no)  
[www.osteroyutvikling.no](http://www.osteroyutvikling.no)

Organisasjonsnr.: 970956433 MVA  
Bankgironr.: 3626.09.01448



«*Da ordna me*»

## **Gode idear treng ein stad å lande – «Da ordna me»**

### **OSTERØY UTVIKLING AS**

Selskapet sitt føremål er å fungere som ein mellomromsaktør for vidareutvikling av eksisterande industri og anna næring i kommunen, vidareutvikling av reiselivssatsinga og samskaping av framtid som omfattar meir samarbeid lokalt og regionalt.

Selskapet kan og arbeide med egedomsforvaltning og egedomsutvikling på Osterøy og i Bergensregionen. Aktivitetane kan gå føre seg i eigen regi eller i samarbeid med andre.

### **Kommunen sitt verktøy for å fremje og utvikle næringslivet på Osterøy**

Aktiviteten i 2020 og 2021 auka samanlikna med tidlegare år ettersom arbeidet med å få på plass den nye modellen for næringsarbeidet i Osterøy har kravd brei forankring hos mange interessentar og stor møteverksem. [Rapporten vart ferdig i januar 2021](#) og modellen og finansiering for dei fyrtre par åra vedteken av Heradsstyret i juni. Selskapet sitt føremål vart endra til at Osterøy Utvikling skal fokusere på næringsutvikling. Egedomsbiten av selskapet er underordna.

Hovudaktiviteten i 2021 har vore arbeidet med prosjektet Arena for Næringsutvikling. Dette har vore ein særskilt viktig bestilling for selskapet og ein særskilt viktig bestilling for utvikling av ny næringsaktivitet på Osterøy. Prosjektet starta opp hausten 2019 og vart slutført før sommaren 2021 da Heradsstyret vedtok ny modell for næringsarbeidet i Osterøy.

Det har også vore jobba vidare med å profesjonalisere drifta av eigedomane og formalisere utleigeforholdet til Osterøy kommune gjennom å få på plass skriftlege leigekontraktar og avtaler omkring vedlikehald og anna tenestekjøp frå kommunen. Arbeidet blei starta i 2017, men framleis har ikkje selskapet fått gjennomslag for å få desse avtaleforholda inn i ordna former.

Styret i Osterøy Utvikling starta våren 2021 arbeidet med [selskapet si strategi](#). Det gamle styret har utarbeidd dei overordna milepålane, mens dei strategiske milepålane og den meir operative delen av strategiarbeidet vert ein del av det nye styret sitt arbeid.

Før årsskiftet leverte det gamle styret stafettpinnen vidare til det nye styret. Våre eigare var sterkt representert på styresamlingen med ordførar, varaordførar, rådmann og kommunalsjef for samfunnsutvikling. Det var ein veldig bra samling preget av mykje positivitet og felles mål for det vidare arbeidet med næringsutvikling på Osterøy. Overleveringa frå gammalt til nytt styre lover bra for vårt vidare arbeid.

## **JOBBE SAMAN**

Det er mykje som skjer på Osterøy om dagen og mange ulike aktørar som enten har starta eller går med tankar om å starte opp ulike tilbod for tilreisande, for lokalbefolkinga og for bedriftene på Osterøy.

Osterøy Utvikling jobbar med å gjere næringslivet på Osterøy synleg og styrke kompetansen og samarbeidet mellom verksemndene. Me har en viktig koplarolle mellom bedriftene lokalt og opp mot viktige samarbeidspartnarar og kompetansemiljø regionalt.

Det mest effektive for å få til utvikling og få nye produkt og tenester opp å gå er å bringe ulike menneske med ulik bakgrunn, kompetanse og idear saman. Da skjer det som oftast magiske ting. Men man må være tolmodig og tenke langsiktig. Ting skjer ikkje over natta. Vi har invitert til tallause møter, kurs og workshops sidan vi begynte å jobbe med ulike tilbod på Osterøy tilbake i 2017. Me har jobba tett med Osterøy Industri- og næringslag, Osterøy Reiselivslag og andre lokale eldsjeler. Og me har kopla på Invest in Bergen, VisitBergen og andre viktige kompetansemiljø i Bergen, for ikkje å gløyme Industriutvikling Vest som har kontor hos oss i Lonevåg. Sjølvsagt har me også samarbeidet tett med Region Nordhordland; Norhordland Næringslag og ulike andre aktørar i Nordhordland. Me har invitert inn dyktige folk frå ledande turistattraksjonar som Fløibanen og Bergen Base Camp til å komme med sine innspel til ulike lokale idedugnader. Og ikkje minst har me samla lokale krefter på tvers av ulike næringar på Osterøy. Dette skal me fortsette med.

Før sommarferien inviterte med på ny til Hagefest på Fjordslottet for næringslivet. Rett etter sommaren arrangerte me for fyrste gong Entreprenørldagen på Osterøy i samarbeid med Etablerersenteret til fylket. Og i desember opna med nok ein uformell møteplass og starta ein ny tradisjon med førjulstreff i Mjøsvågen. På alle desse arrangementa kom det menneske frå mange ulike bransjar. Det er utroleg verdifullt og viktig å skape møteplassar på tvers av næringar. Om en byggmeister med et lite gardsbruk treffer den lokale overnattingsverksemda, kan han kanskje finne på å bygge nokre spenstige tretoppphytter som hotellet kan drifte.

Byggmeisteren kom på Entreprenørldagen. Nå står det berre att å kople han opp mot hotellet slik at Osterøy kan utvide sitt overnattingstilbod med fleire attraktive overnattingstilbod som vil tiltrekke nye gjester til øyen vår. På Førjulstreffet fant det nye vertskapet på Fjordslottet tonen med ei av øyas driftige gründerdamer. Og allereie i januar fekk dei samla fleire bra damer og skipa «Kvinnenettverket på Osterøy».

**På denne måten gjer me det sannsynlegvis enklare å lukkast på Osterøy.**

## **MYKJE POSITIVT PÅ GONG FOR NÆRINGSUTVIKLING PÅ OSTERØY**

### **Historisk samarbeid på tvers**

Næringslivsorganisasjonane står saman og ynskjer ei heilskapleg satsing på næringsutvikling i Osterøy velkommen.

Det vert arbeida med å sjå på korleis me saman kan utvikle nye samarbeidsløysingar for næringsarbeidet. Det er oppretta ei arbeidsgruppe med representantar frå Osterøy Industri- og næringslag, Osterøy Reiselivslag, Osterøy Bondelag og Osterøy Utvikling. Det har vore fire møter så langt.

I slutten av mars i år inviterte næringslivsorganisasjonane gruppeleiarane i alle dei politiske partia til dialogmøte kring organisering og satsing på næringsutvikling. Alle

gruppeleiarane stilte seg positive til prosjektet og rapporten, som dei meiner gjev eit godt bilete av mogelegheitsrommet me no har for å få til ein felles satsing med kommunen og næringslivet. Dei meiner det er på høg tid at ein ser på næringsutvikling som eit eige tenesteområde innanfor kommunen og at Osterøy Utvikling her skal vere kommunen sin operative arm og ein sentral utviklingsaktør.

**Osterøy Industri- og næringslag har vedteke å gje eit tilskot på kr 300.000 til Osterøy Utvikling til arbeidet med næringsutvikling.**

### **Snøballen har for lengst begynt å rulla**

Tett samarbeid på tvers mellom kommunen, næringslivet, og FOU (Osterøy vidaregåande og oppvekst i kommunen).

### **Satsingar og samarbeidsprosjekt som allereie er i god fart:**

- **Næringerssmia i Lonevåg**
  - [Første gründer er på plass](#).
  - Industriutvikling Vest har kontor i lokalane kor dei har møter både med etablerte bedrifter og gründerar.
  - Osterøy Industrilag og Osterøy reiselivslag held dei fleste av sine møter i smia.
  - Me gjer råd og rettleiing til ulike gründerar og koplar dei opp mot ulike deler av det offentlege verkemiddelapparatet.
  - Me arrangerte Entreprenørdag på Osterøy 23. august i samarbeid med Etablerersenteret til Vestland fylkeskommune.
  - Me har initiert og koordinert søknad om midlar frå fylket sin tilskotsordning for by- og stadsutvikling. Dette er eit samarbeid med kommunen kor me har samla oss om prosjektet "Lonevåg for alle". Målet er eit samarbeids- og samskapingsprosjekt som knyter saman gode prosjekt, initiativ, planar og eldsjeler, som allereie er oppe i fart. Vår del av søknaden handla om utvikling av Næringerssmia som ein viktig og innovativt møteplass for næringslivet, ein lokal møteplass for samarbeid, utveksling av kunnskap og idear. Foreløpig har me berre fått tilskot til «Bypark Lonevåg» (kr 310 000). Dette prosjektet vert leidd av kommunen og handlar om å prøve ut delar av byparken som ungdomsklubb, samt prøve å utvikle Osterøy bibliotek utomhus, også som ein kulturell møtestad i byparken.
- **Nettverksbygging og Møteplassar**
  - April 26 – [Digitalt orienteringsmøte](#) for alle bedrifter på Osterøy omkring ulike støtteordningar for næringslivet.
  - Juni 10 - Me gjentok suksessen frå 2020 og inviterte til ny [Hagefest på Fjordslottet](#) for næringslivet på Osterøy.
  - August 23 – [Entreprenørdag på Osterøy](#) i samarbeid med [Etablerersenteret](#). Industriutvikling Vest og Klar Bedrift hadde innlegg.
  - September 14 – [Frukostmøte på Biblioteket](#) – Opplæring for næringslivet i planarbeid i samarbeid med Osterøy kommune.
  - Oktober 5 - [Informasjonsmøte på Biblioteket](#) – Orientering om planarbeid for lag og organisasjonar i samarbeid med Osterøy kommune.
  - Oktober 28 – [Regional Reiselivskonferanse](#) – Me deltok i arbeidsgruppa og [lagde påmeldingsløysing for konferansen](#).
    - ✓ [Regional Reiselivskonferanse 28 oktober – Opptak](#)
    - ✓ [Regional Reiselivskonferanse 28. oktober - Presentasjoner](#)
  - November 8 – [Frukostmøte i Næringerssmia](#) - Connect Vest orienterte om «SMB Akselerator 2021-22»-programmet deira og Industriutvikling Vest kom og fortalte om moglege stønader.

[Sjekk her for oppsummering og bilder.](#)

- Desember 2 - Ny tradisjon: [Førjulstreff i Mjøsvågen](#) for næringslivet på Osterøy. [Sjekk her for oppsummering og bilder.](#)

- **Visit Osterøy – reiselivssatsing**

- Samarbeid med Osterøy reiselivslag om profiliering og marknadsføring på [visitOsteroy.no](#), samt opplegg for kommunikasjon i sosiale media.  
Fly skriv dette om samarbeidet med visitosterøy:  
[Den magiske øyen \(flyas.no\)](#)
- [Finalist i Social Media Awards \(flyas.no\)](#)  
Vår samarbeidspartner **FLY as** ble finalist med sitt arbeid for **Visit Osterøy** i kategorien "Årets strategi" under **Social Media Days** sin prisutdeling, Social Media Awards 2020! Dette er den fremste prisutdelingen for alle som jobber med sosiale medier i Norge, og hvert år er det sterkt konkurransen om prisene.

- *Prisen deles ut til en virksomhet som har lagt en klar strategi - overordnet for sosiale medier generelt eller spesifikt for en konkret kampanje, et prosjekt eller kanskje en lansering av en ny kanal for deres virksomhet. Her legges det vekt på hvordan strategien ble jobbet frem, hvilke virkemidler som ble brukt og hva resultatene ble.*

- [Finalist i SRFkuben \(flyas.no\)](#) med [Visit Osterøy sosialemedier casefilm - YouTube](#)
- Kompetanseheving – ny runde med opplæring i sosiale media (finansiert av BIO-midler fra fylket). Totalt 5 ettermiddags samlinger på 3 timer fra august til desember. 19 deltakere.
- Samarbeid med Osterøy Reiselivslag og visitBergen om produktutvikling: Juleøya Osterøy, Nullmeteroverhavet kabinar, båtrute/fjordhopping, gardsturisme og annan produktutvikling.
- [Osterøy-kjennar](#) – guidekurs i regi av Reiselivslaget. Me har vært koplar og pådrivar.
- Handverksruta – produktutviklingsprosjekt i regi av Region Nordhordland. Me sit i arbeidsgruppa saman med visitBergen.
- Smak av Nordhordland / Smak av Osterøy / Matarena – me prøve å kopla lokale aktørar/prosjekt opp mot regionale satsingar.
- Tett samarbeid med visitBergen, inkludert visningstur.

- *Der møtte eg optimistiske og positive menneske som brenn for lokalsamfunnet sitt. Som brenn for utvikling og vekst. Som brenn for Osterøy. Det er rett og slett eineståande å sjå, trass den situasjonen me i turistnæringa er i, seier reiselivsdirektør Anders Nyland i visitBergen til Bygdnytt.*

- [Flott dobbelside oppslag i Bergensavisen: Vi setter Osterøy på Norgeskartet!](#)

- **Landbruk**

- Arrangert møte for landbruksaktørar i september med invitasjon til samskaping.
- Deltatt på lærerik og inspirerande landbrukskonferanse i regi av Vestland fylkeskommune, Innovasjon Norge - Vestland og Statsforvaltaren i Vestland.
- Søkt om midlar til prosjekt «**Retenke Landbruk**» - innvilga tilskot på kr 150' frå fylket til eit forprosjekt.  
Samarbeid med Osterøy kommune og landbruksorganisasjonane.

- **Utdanning og Kompetanse**
  - Kompetansesenter for robotteknologi  
Osterøy Utvikling har vært pådriver og invitert til flere møte for at partane i Kompetansesenter for CNC- og robotteknologi skal komme saman og sparke liv i senteret igjen. Like før jul fekk Osterøy Vidaregåande skule melding om at Vestland fylkeskommune løyver inntil kr 2 144 560 til prosjektet frå Handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling.  
Osterøy Utvikling er viktig samarbeidspartner i det vidare arbeidet.
  - Kompetanseprosjekt Nordhordland / Ressursgruppe Osterøy
  - Bidradd til å få på plass avtale med Ungt Entreprenørskap på Osterøy Vidaregåande skule. Jobber med å få til det same på Osterøy Ungdomsskule.
- **Næringsareal**
  - Utbyggingsavtale på [Espevoll](#) er i hamn. Osterøy Utvikling sørga for at [Invest in Bergen](#) vart kopla på i arbeidet. Dei vart ein fasilitator og pådriver for dialog med grunneigar. Invest in Bergen har også inkludert Espevoll i ein brosjyre med [oversikt over dei største næringsareala i regionen](#). Dei har også deltatt i arbeidsgruppa som har jobba med næringsareal i prosjektet «Grøn Konkurransekraft Osterøy».
  - [«Opplæring i planarbeid»](#) - me inviterte næringslivet på Osterøy til møte med planavdelinga i kommunen i september. Fokus var kommuneplanen sin arealdel og korleis verksamder som har utviklingsplanar må jobbe/planlegge for å få planane realisert. I oktober inviterte med inn lag- og organisasjonar til eit liknande møte.
- **Grøn Konkurransekraft Osterøy**
  - 3 årleg samarbeidsprosjekt mellom Industriutvikling Vest, Osterøy kommune, Osterøy Utvikling og Osterøy Industrilag. 2021 var siste året. [Sluttrapport finn du her](#).
  - Innovasjonscamp i samarbeid med Osterøy vidaregåande og Ungt Entreprenørskap og Plug/BKK
  - **Me riggar oss for å bli regionens «hotspot» for elbåter!**  
Osterøy Utvikling tok kontakt med Plug/BKK om bygging og drift av kombinerte hurtigladarar for båt og bil på Osterøy. Dette resulterte i at dei søkte og fekk tilskot frå [Vestland fylkeskommune til to kombinerte hurtigladestasjoner for bil/båt på Osterøy](#): Valestrand og Bruvik. Det vart også søkt om Hosanger. Vi er i dialog med Plug/BKK om videre framdrift.
  - Smak av Osterøy – utvikling av lokal mat og andre opplevelinger
  - Energidagen - grøne energiløysingar for Osterøy (konferanse), ikkje gjennomført
- **Regional næringsstrategi Region Nordhordland**  
Oppfølging av scenariorapport Nordhordland. Osterøy Utvikling er med i arbeidsgruppa. Skal handsamast i Regionrådet innan 1. kvartal 2022.

[Aktivitetsrapport for 2019 og fyrste halvdel av 2020 finn du i digitalt format som e-brosjyre på denne linken.](#)

Andre rapporter frå vårt arbeid finn du på kommunen si heimeside her:

<https://www.osteroy.kommune.no/innhald/skatt-nering-og-landbruk/naringsutvikling/>